



**NÅR KJEM DU ATT,
RED RYDER?
Av Mark Medoff**

KVEN ER RED RIDER?

Alle vi som var unge i femti-åra og tidlegare, vil nikke gjenkjennande til namn som Cisco Kid og Pancho, The Lone Ranger og Tonto, Hopalong Cassidy, Gene Autry, Roy Rogers ... og Red Rider. Men det har vakse opp nye generasjonar, som ikkje kjenner dei gamle cowboy-heltane. Derfor ei lita orientering, bygd på materiale frå Jon Tuskas bok «The Filming of the West», Doubleday 1976, dedisert til ein av dei store: Tom Mix!

Historia om Red Rider byrja da den vidgjetne cowboy-stjerna Buck Jones skifta studio, frå Columbia til Universal, tidleg i 30-åra. Der byrja han med å spele inn ein sommar-serie, kalla «The Red Rider». I den nye kontrakten vart det eit krav at han skulle spele inn to sommar-seriar til — kvar serie på 15 kapittel. Desse seriane — som minner mykje om våre dagars TV-seriar (og hugs i USA vart dei seinare spela om att og om att nett som TV-seriar!) — kom i tillegg til seks heilaftans filmar i året. Slik var kontrakten — Buck Jones var på den tida ein av dei mest populære cowboy-skodespelarane i Statane.

«The Red Rider» var basert på ein roman av W. C. Tuttle med tittelen «The Redhead from Sun Dog». Buck Jones likte romanen da han las han første gongen, og kjøpte filmrettane til han direkte frå Tuttle. Jones gjorde framlegg til MacRae — sjefen for sommar-seriane (kalla sommar-seriar fordi opptak vart gjorde i juni kvart år) — om å nytte denne historia som grunnlagsmateriale for seriane. Det enda med at Universal kjøpte filmrettane av Buck Jones for 25 000 dollar. Da Tuttle fekk høyre frå Buck kva som hadde hendt, sende han Buck ein ny kopi

av romanen, med ei innskrift der han gav uttrykk for vona om at «Redhead» ville bli årets beste film.

«The Red Rider» følgde ganske trufast handlingsgangen i romanen. Buck forandra namnet til hovudpersonen frå Brick Davidson til Red Davidson, men dei fleste hendingane vart tekne direkte frå romanen til filmstrimmelen. Tuttle's roman var full av humor, og denne sida vart understreka i serien. Leiaren for skurkane, Jim Breen, vart spela av Walter Miller, Grant Withers spela Bucks gode gamle venn Silent Slade.

Best av alle var likevel — meiner Tuska — Richard Cramer som Joe Portos. I samband med boka såg Jon Tuska så å seie alle Western-seriar som vart laga, og hans påstand er at «The Red Rider», jamvel om serien ikkje hadde så mykje dramatisk handling eller spennande historier, hadde uvanleg menneskelege karakteriseringar. Det finst mange scener: frå livet på ranchen med Buck og Edmund Cobb som venen hans, Johnny Snow; eller romantiske planar blant kvinnene — Marion Shilling ville ha Buck, Margaret La Marr var ute etter Grant Withers; eller Cobbs da han forelska seg i Marion; eller dei uhøgtidlege scenene frå gøymestaden til Breen og den detaljerte skildringa av tilhøvet mellom Breen og gringoskurkane hans på den eine sida og Joe Portos og dei litt trege meksikanske slektningane hans på den andre — alle desse representerer noko einestående blant dei seriane som vart produserte i tretti- og førti-åra. Komedien veks ut av situasjonane og ut av sjølve menneskenaturen i all sin eksentrisitet. «The Red Rider» er såleis eit høgdepunkt i Buck Jones lysande karriere som Western-stjerne.

NÅR KJEM DU ATT, RED RYDER? Av Mark Medoff

Angel
Stephen Ryder
Teddy
Richard Ethredge
Clarisse Ethredge
Lyle Striker
Tommy Clark
Scheryl



MARIT KOLBRÆK
ARE STORSTEIN
BJØRN FLOBERG
VIDAR SANDEM
TONE RINGEN
ALF MALLAND
ASBJØRN TOMS
UNN VIBEKE HOL

Omsett av
Regi:
Scenografi:
Rekvisittmakar:
Inspisient:
Rekvisitør:
Sufflør:

PAAL-HELGE HAUGEN
JON HEGGEDAL
EINAR DAHL
EGIL AARUM
REIDAR JAMVOLD
PÅL PANDE-ROLFSEN
TORILL STEINLEIN


Ein pause



Premiere 11. november 1976



Where have you gone, Joe DiMaggio
A nation turns its lonely eyes to you ...


Paul Simon




















KVEN ER MARK MEDOFF?

Kort og konsist

«Når kjem du att, Red Ryder?» (When you comin' back, Red Ryder?) var det første skodespelet av Mark Medoff som vart sett opp profesjonelt i New York. Det hadde premiere hausten 1973 på The Circle Theatre, og vart seinare overført til The Eastside Playhouse Off-Broadway, der det gjekk nesten eitt år. Dette stykket gav Medoff ein Obie-pris for framifrå dramatisk kunst, Outer Circle-prisen for beste stykke den sesongen, og Drama Desk-prisen som sesongens mest lovande nye dramatikar. Stykket er inkludert blant Otis Gurnseys «The Best Plays of 1973–1974». Det er planar om å filme «Red Ryder», John Houston skal ha regien og Jack Nicholson spele hovudrolla. «Red Ryder» har blitt spela ei rekkje stader i USA, og Mark Medoff hoppa sjølv inn i siste augneblinken ved oppsetjinga i Chicago – i hovudrolla. Det var hans debut som profesjonell skodespelar – kritikken var overveldande! Han spela seinare rolla i New York, den siste tida stykket gjekk Off-Broadway.

Det neste skodespelet av Mark Medoff som kom opp i New York, «The Wager», vart òg presentert Off-Broadway, på The Eastside Playhouse, sesongen 1974–1975. Så kom «The Halloween Bandit», med New York-premiere på nyåret 1976. Eit tidlegare skodespel, «The Kramer», har vore oppført på The American Conservatory Theatre i San Francisco og på The Mark Taper Forum i Los Angeles. Eit stykke for ungdom, «The Odyssey of Jeremy Jack», som Medoff har skrivne saman med Carlene Johnson, er nyleg utgitt av Dramatists Play Service, det same

gjeld fire av einaktarane hans. Han har òg fått Guggenheim-prisen.

Mark Medoff bur no i Las Cruces, New Mexico, der han er assisterande professor i engelsk ved New Mexico State University.

I intervju med Bernard Carragher 30.12.1973

«Det finst ikkje ein einaste ting å tru på meir, utan deg sjølv og det du kan skape for deg sjølv,» sa dramatikaren Mark Medoff. Han såg ut som ein hypersmart laps rett frå Marlboro Country i fullt utstyr: nypressa dongeri og skinande lærstøvlar, så blankpussa at du kunne nytte dei som spegel når du skulle greie håret. Sidan midten av oktober (1973) har Medoff kunna observere korleis det nye stykket hans, «Når kjem du att, Red Ryder?» (When you comin' back, Red Ryder?), har funne vegen frå Off-off Broadways Circle Theatre – som ironisk nok ligg på hjørnet av Broadway og 83rd Street – til eit offisielt Off-Broadway engasjement ved The Eastside Playhouse. Desse røynslene har hos den 33-årige Medoff etterlate seg forvirra kjensler når det gjeld profesjonelt teater, og ei merkeleg smerte midt i magen som kanskje kan vere byrjinga til eit magesår. Men midt i alt oppstyret har det kome trøystande ord, t.d. Clive Barnes' kritikk ved premieren. Slike kritikkar gir pengar i banken: «'Red Ryder' er eit av dei aller beste stykka denne sesongen, de må ikkje gå glipp av det for nokon pris.» Jamvel John Simon, som det elles er vanskeleg å få godord frå, gav stykket si muntre tilråding med orda «fullt av svart humor».

Stykket utspelar seg i ein kafé i New Mexico, like grell og absolutt verkeleg som eit målarstykke av Edward Hooper. «Red Ryder» er ein tankevekkjande klagesong over alle dei døde amerikanske heltane og over det tomrom som fyllar sjela hos menn som ikkje lenger har noko å tru på.

«Det er eit svært personleg stykke, som på eit eller anna vis kom ut frå undermedvitet mitt,» sa Medoff nyleg da han sat i det solrike, plantefylte husværet til ein venn, tilfelleleg næraste nabo til «Red Ryder»s nye heim i East 74th Street. «Da eg byrja tenkje på dette skodespelet, vart eg oppslukt i tapet av min eigen ungdom og korleis den amerikanske helten er død. Min ungdom tilhøyrer 50-åra, da alle desse heltane frå den gamle Vesten byrja gallopere rett inn i livet ditt via fjernsynet. Dei to fremste bileta som sit i meg frå min ungdom, er 'macho' cowboys som The Lone Ranger, Red Rider, Cisco Kid, og dei reine baseball-spelarane med crew-cut som aldri drakk, aldri røykte, aldri laga noe tull.


Eg tenkte på den groteske idealismen som tilhøyrde min ungdom, da kona mi og eg ein morgon stoppa for å ete frukost ved eit 'Toddle House' mellom Albuquerque og Las Cruces (der Medoff er assisterande professor i engelsk ved New Mexico State University). Dei einaste andre der var ei feit serveringsdame og ein mager gut bak disken, og eg skal seie desse to laga ei framsyning for oss! Med ein gong visste eg at eg hadde noko her. Det å vekse opp i femtiåra var på same tid merkeleg keisamt og magisk. Ike var president og alt var OK fordi han sa at det var det. Det fanst framleis uskuld overalt, og det var framleis mogleg for

alle gutar å drøyme om å bli president ein dag. Alt det der er borte no. Alle gutungar veit no at det er umogleg å vekse opp og bli president, og i dag er det mogleg å gå inn i eit 'Toddle House' attmed vegen og bli drepen. Revolveren har teke plassen til Old Glory, flagget, som det fremste symbolet for dette landet. Og alle dei revolusjonære som preika kjærleik og fred i 60-åra, har mista alle dei ideal dei hadde i rørslene sine.»

Medoff vart fødd i ein småby i den sørlege delen av Illinois, «der vi var den einaste jødiske familien og resten av dei var Wasps (White Anglo-Saxon Protestants)». Far hans var lege og mor hans psykolog. Da han var ni år gammal, flytta familien til Miami Beach, Florida, fordi han var astmatisk. Der byrja han skrive ved eit tilfelle. «Eg fekk som oppgåve på skolen å skrive ei novelle og fekk ein A pluss for den. Så eg sende novella til Collier's magasin og fekk med ein gong ein liten avslagslapp attende. Eg var forvirra – korleis kunne Collier's gi avslag på ei A pluss novelle? Avslaget frå Collier's gjorde meg til ein forfatter for skrivebords-skuffen.

High school-tida var forferdeleg for meg. Eg var ikkje det eg ønskte å vere, og utsiktane for framtida var ikkje lyse. Mor ville eg skulle bli psykolog, og far ville eg skulle bli lege. Til denne dag er det ein del av faren min som er sint på meg fordi eg ikkje er lege.»

Men han heldt fram med å skrive. Det vart ei rad forteljingar til A pluss, og på universitetet nokre prisnoveller, ei av dei vart publisert i «The Best College Short Stories of 1963.» Medan han skreiv, byrja han leggje merke til at alle novellene hans hadde replikkar og dialogar og berre nokre få reine



Mark Medoff
fotografert av John Davis

prosa-liner. «Mor sa alltid at eg hadde eit godt øyre for dialog, men det tok meg 27 år å finne ut at ho hadde rett.»

Smått om senn byrja forteljingane å bli til skodespel. Så melde spørsmålet seg, korleis få desse stykka opp. «Ein venn av meg som var tannlege i Florida hadde fortalt meg at han hadde ein fetter som dreiv med teater, og dersom eg nokon gong trong hjelp ...» Denne fetteren viste seg å vere Kenneth Frankel som sette opp Medoffs

skodespel «The Wager» på New Yorks Cubiculo Theater i fjor. Det var der Elliot Martin, som produserte «Red Ryder», møtte Medoff og spurde han om han hadde andre stykke. «Martin likte ikkje 'Red Ryder' i byrjinga,» kan Medoff hugse. «Han meinte det ville gjere seg betre som 'Movie of the Week'.» Men Medoff hadde bestemt seg for at han ville sjå det på scenen. Frankel fekk overttydd Marshall Mason ved Circle Repertory Theatre om å gjere det som ein 'workshop'-produksjon sist juni. Martin kom dit, og vedgjekk at han hadde tatt feil og kjøpte ein opsjon på stykket. Etter ei 'showcase'-oppsetjing på The Circle i oktober, sa Martin seg samd i ei overflytting til Off-Broadway.

Det vil bli meir Medoff på teaterplakaten. «The Kramer» kjem snart opp i Los Angeles, og «The Wager» vil bli presentert av Manhattan Theatre Club i januar. «Som dramatikar er siktemålet mitt dødsfarleg komedie,» seier han. «Eg vil at publikum skal le av ting som eigentleg ikkje er morosame, og så ta seg i det. Eg vil dei skal spørje seg sjølve kvifor dei ler. Dersom du vil ha det i idealistiske ordelag, vil eg at stykka mine skal ha ein reinskande effekt.»

Eit siste spørsmål. Har Medoff sjølv nokre personlege heltar lenger? «Nei,» seier han og flyttar på seg i stolen. «Det finst ingen lenger. Alle filmstjernene har blitt antiheltar og ikkje dei ein gong kan overleve lenger. Sjå på Brando. John Wayne er berre stor i kjøften og lagar den same filmen om att og om att. Jimmy Stewart avsluttar karrieren sin med ein TV-serie og 'Coop' (Gary Cooper) er død. Den einaste helten du har i dag er deg sjølv. Nei. Red Ryder kjem aldri att.»

PA DET NORSKE TEATRET I HAUST

På Hovudscenen

Eugene O'Neill:

LANG DAGS FERD MOT NATT

Omsett av Arthur Klæbo. Regi: Tormod Skagestad, scenografi: Arne Walentin.

Med RØNNAUG ALTEN, GISLE STRAUME, BJØRN FLOBERG, BJØRN SKAGESTAD, KARRIN HELENE HAUGEN.

Olav Duun:

MEDMENNESKE

Dramatisert av Knut Hergel og Olav Duun. Regi: Pål Skjønberg, scenografi: Snorre Tindberg.

Med TORGEIR FONNLID, RAGNHILD HILT, INGOLF ROGDE, TORDIS MAURSTAD, ASTRID SOMMER, WENCHE MEDBØE, KÅRE WICKLUND, JULIE ØKSNES, ODD JAN SANDSDALEN, KAARE KROPPAN, FRIMANN FALCK CLAUSEN/RAGNAR OLASON.

Olav Duun:

ETTERMÆLE

Dramatisert av Tormod Skagestad. Regi: Tormod Skagestad, scenografi: Arne Walentin.

Med HARALD HEIDE STEEN, BJØRN SKAGESTAD, BRITT LANGLIE, INGRID ØVRE WIIK, EVA SLETTØ, SIRI RØM, ØYVIND ØYEN, LASSE KOLSTAD, BJARNE ANDERSEN, BJØRN SUNDQUIST, ERIK ØKSNES.

Ludvig Holberg/Tormod Skagestad:

JEPPE

Musikk av Egil Monn-Iversen. Regi: Svein Erik Brodal, koreografi: Henny Mürer, scenografi: Gunnar Alme, musikalsk leiding: Egil Monn-Iversen.

Med ROLV WESENLUND, SØLVI WANG, ROLF JUST NILSEN, SVERRER WILBERG, MAGNE LINDHOLM, ØIVIND BLUNCK, ROLF SAND, DAG SANDVIK, LEIF R. BJØRNESETH, JON BERLE, MAGNUS TVEIT, KJERSTI ALVEBERG, ANDREAS KOLSTAD, TOVE EDWARDS, NINA HARTE, ELIN OSJORD, BIRGITTA REVOLD, SVENN BERGLUND, RUNAR BERGE, PER-ARNE SKAR.

For barna

Tor Age Bringsværd:

DEN STORE FARGESLUKAREN

Musikk av Trygve Madsen. Til nynorsk ved Leif Mæhle. Regi og koreografi: Runar Borge, scenografi: Thore Hansen, musikalsk leiding: Tor Hultin/Kari Stokke.

Med SVEIN TINDBERG, TRINI LUND, JOHAN KJELSBERG, KJERSTI ALVEBERG, SVENN BERGLUND, LEIF R. BJØRNESETH, TOVE EDWARDS, NINA HARTE, ELIN OSJORD, BIRGITTA REVOLD, PER ARNE SKAR, ARNE BRÆKKE, STEIN KIRAN, PER MARGELL.

På Scene 2

JACQUES BREL ER HER I KVELD OG BUR BRA I PARIS

Samansett av Eric Blau og Mort Shuman, norsk tilrettelegging Bjørn Endreson. Omsetjing, regi og scenografi: Bjørn Endreson, musikalsk leiding: Einar Iversen.

Med LASSE KOLSTAD, SØLVI WANG, TONE RINGEN, LARS KLEVSTRAND.

Tsjingiz Ajtmatov og Kaltaj Mukhamedzjanov: UTFERD TIL FUJIYAMA

Omsett av Olav Rytter. Regi: Merte Skavlan, dekor: Snorre Tindberg og Kari Borg, kostyme: Einar Dahl.

Med EINAR WENES, MARIE LOUISE TANK, BJØRN JENSEG, ULRIKKE GREVE, ODD FURØY, WILFRED BREISTRAND, BAB CHRISTENSEN, ELLA HVAL, TORBJØRN HALVORSEN.

Harold Pinter:

LANDSKAP – STILLE – NATT

Omsetjing, regi og scenografi: Bjørn Endreson. Med ULRIKKE GREVE, TOM TELLEFSEN, PÅL SKJØNBERG.